

## Prosjektrapport, Fortellingens kraft 2022

Deltakar: Silje Pileberg, frilansjournalist

Konferansen: Fortellingens kraft vart arrangert i Bergen frå 21. september til 23. september. Konferansen hadde mange deltakarar, både frilansarar og tilsette ved ulike mediehus, forlag etc. Føremålet med konferansen er å løfte den forteljande journalistikken.

Konferansen passar for journalistar, forfattarar, redaktørar og andre som ønskjer å lære meir om korleis en lagar dei gode og medrivande forteljningane.

Programmet: Det var eit omfattande program med parallellsesjonar i ulike rom, foredragshaldarane kom både frå Noreg og andre land. Programmet finst her: <https://aretsfestival.fortellingenskraft.no/program-2/>

### Her vil eg kort fortelje om nokre av dei sesjonane eg deltok på:

Line Vaaben og Tom French: «Behind the Masterpieces»

Her intervjuar den tidlegare journalisten Tom French journalisten Line Vaaben, som har skriva ei rekke forteljingar for danske aviser. Ho fortalde om arbeidet sitt over mange år. For eksempel gjorde ho ein gris til «hovudpersonen» i ein av sine reportasjar og følgde denne grisen over eit halvt år, heilt til han vart slakta og ho tok han med heim til julemiddag. Ho fortalde også om ei sak der ho var til stades under ein obduksjon. Denne skreiv ho på éin dag, og French kalla reportasjen ein «masterpiece». Vaaben meinte sjølv at grunnen til at ho i dag kan skriva så raskt, er at ho har blitt betre til å jobbe med struktur før ho begynner å skriva. Her bruker ho post-it-lappar aktivt til å skriva ned gullkorna og alt ho vil ha med.

Mette Bugge: «11 gulltips fra et langt journalistliv»

Sportsjournalisten Bugge fortalde på ein artig måte om journalisterfaringane sine. Nokre av dei tipsa ho kom med, var å vise respekt overfor andre, å bry seg om dei som ingen bryr seg om (for eksempel trenarar, då kan du få saker ingen andre får), å elske kritikk (folk vil deg som regel vel, og dei kan løfte historia di), å vere aktiv på sosiale media (då kan du bl.a. finne gode saker), å seie ja til utfordringar, å dele erfaringar og kunnskap med andre og aldri å gje opp saker du har tru på.

Synva Hjørnevik og Sindre Leganger: «Svarttrost-metoden»

Podkast-journalistane fortalde om arbeidet sitt med podkast-episoden «Obiora får ikke puste». Dei sa mellom anna at det er viktig å jobbe med eit spørsmål som du verkeleg lurar på. Dei kontaktar dei kjeldene dei gruer seg for først (for dei *må* ofte med for at det skal kunne bli podkast), dei førebur seg godt for intervju – og intervjuar kan vare lenge, derfor tar dei gjerne med litt frukt og nøtter til kjeldene. I tillegg kan det ta lang tid før podkasten kjem på, og da informerer dei kjeldene om at dei framleis jobbar med dette. Nokre gonger kan det ta lang tid (fleire månader) før kjelder bestemmer seg for at dei vil vere med. Men dei er gjerne glade etterpå for at dei sa ja.

Tom French hadde fleire gode foredrag. Han fortalde mellom anna om kona, som også har vore journalist. I starten av karrieren opplevde ho det vanskeleg å få tid og aksept for den forteljande journalistikken av redaktøren. Då putta ho inn små element – ei lita setning her og der – og etter kvart vart ho beden om å gjere meir av det, for folk likte det. French snakka også om likskapen mellom reportasjar og barne-tv: viste ein episode av den australske barne-tv-serien «Bluey». Både på barne-tv og i forteljande journalistikk er det gjerne eit problem som må løysast, humor og eit universelt tema, noko vi menneske kan relatere til. Tom French fekk også alle deltakarane med i allsang på konferansens siste sesjon, det var veldig fint.

Alt i alt, ein fin konferanse med mange sesjonar, dei fleste fekk eg ikkje med meg, sidan du berre kunne velje éin om gongen. Eg var med på denne konferansen første gongen han vart arrangert for ein del år sidan, og skilnaden frå då til no er stor: Talet på deltakarar er langt høgare, og det same er talet på sesjonar. Det verkar som om mange ønskjer å lære meir om forteljande journalistikk.